



Kommunen har gjeve grønt lys for fjerning av steingarden.. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen ved sakshandsamar Tore Eik reagerte raskt på søknaden frå Endre Harald Wang om å få fjerna ein steingard mellom to av eigedomane hans på Haugland. Dagen etter at han fekk søknaden gav han positivt svar.

Han skriv i svaret at han er godt kjent i området og at det såleis ikkje er naudsynt med eigen synfaring for denne saka. Søknaden er også godt dokumentert med bilete.

Den omsøkte steingarden deler eit areal på om lag 15 dekar i to. Den er til nedfalls og det har byrja å veksa skog i sjølve steingarden. Den er flytta i samband med eit tidlegare jordskifte, Steingarden er såleis heller ikkje særleg gammal. Tanken til Wang er å nytta steinmassane til heving og drenering av eit areal med våt jord like i nærleiken.

Ei slik løysing vil betra arronderinga på bruket og såleis gjera det meir lettdreve. Kommunen meiner og at steingarden kan fjernast utan at det får negative fylgjer for kulturlandskapet.

- Søkjar opplyser at han ynskjer å gjennomføra tiltaket så snart som mogeleg. Vi tillet oss difor å be om snarleg tilbakemelding, skriv Eik.

Av Ola Matti Mathisen